



Svein Henry Gjerstad  
Bjørsvikvegen 64  
5993 OSTEREIDET

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/8001 - 20/28496

Saksbehandlar:  
Roba Al Serhan  
robaal.serhan@alver.kommune.no

Dato:  
15.05.2020

## Fritak frå kravet om gjødselplan Gbnr 231/1 Bjørsvik

**Administrativt vedtak: Saknr: 507/20**

### VEDTAK:

Alver kommune gjev med heimel i § 5 i forskrift om gjødselplanlegging dispensasjon frå kravet om gjødselplan i 5 år fram til 15.05.2025 for Gbnr 231/1, då bruket er ekstentivt drive. Dersom det i løpet av desse 5 åra er endringar i areal, dyretal eller nytta gjødselmengde slik at føresefnadane for dispensasjon vert endra , må det fremjast ny søknad.

### Saka gjeld :

Føretaket Svein Henry Gjerstad har søkt om fritak for gjødselplan på grunn av ekstensiv drift på gbnr 231/1. Drifta er 9 vinterfora sauer. Føretaket har 3 daa innmarksbeite, 5 daa overflatedyrka . Husdyrgjødsla vert nytta på frukt- og bærhage .Og til grønnsaker. Føretaket har spelsau som går ute mesteparten av året.

Føretaket kjøper inn 25 kg fullgjødsel 18-3-15 som vert spreidd en gang på beitet.

Åreleg tilført næringsstoff p.r daa/år på beiting				Kg Nitrogen	Kg Fosfor	Kg Kalium	
Kg	Gjødselslag	Total areal	Kg pr.daa				
25	18-3-15	3	beite	8.3	1,4	0,25	1,25

Normgjødsling i vårt område p.r daa/år er 22 kg nitrogen, 3 kg fosfor og 10 kg kalum .  
GDE vinterfora sau/ geit(1.3 før frådrag for beitetid)

**VURDERING:**

I forskrift om gjødselplanlegging står det i § 5 at kommunen kan etter søknad frå føretaket dispensera frå kravet om gjødselplan for føretak som vert drive svært ekstensivt. Gjødslinga skal vera under 50% av normgjødsling.

Bruket ligg under 50 % av normgjødsling. Bruket er lite, har få gjødseldyreiningar (GDE )og har stort areal i høve til dyretalet.

Kommunen har derfor ingen merknader til at det vert gitt dispensasjon frå krav om gjødselplan i 5 år. Kommunen oppmoder til å ta jordprøve for sjekke næringsinnhald i jorda for betre kontroll og gjødsling.

**Regelverk**

Gjeldande forskrift om gjødselplanlegging.

**Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

**Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «**20/8001**»

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Landbruk

Kjartan Nyhammer  
Avdelingsleiar

Roba Al Serhan  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Svein Henry Gjerstad

Bjørsvikvegen 64

5993

OSTEREIDET